



Referat frå elevrådsmøte 02.06.2020

Desse møtte:

- 2. årssteg: Noah og Mads
- 3. årssteg: Victoria og Adrian
- 4. årssteg: Ådne og Mia
- 5. årssteg: forfall
- 6. årssteg: Chrisander og Adrian
- 7. årssteg: Elina og Mons Erik
- Rektor

Saker:

Skulemiljø og trivselstiltak

- Elevane er stort sett nøgd med skulemiljøet. Elevane er stort sett greie og dei vaksne er snille. Dei tykkjer det er dumt at ulike miljøtiltak som t.d. kantine, talentiade og sommaravslutning for heile skulen må utgå grunna smitteverntiltak.
- Grunna smitteverntiltak blir det ikkje ordinær avslutning for elevrådet, men rektor kjem til å dele ut ei påskjøning for det gode arbeidet deira nest siste skuledag.
- Det blir avslutning på skulen årsstegvis i skuletida med is og bollar.
- Elevane ynskjer trivselsleiarar og trivselstiltak i friminutta neste skuleår. Rektor skal undersøkje om dette let seg gjere økonomisk. Det kostar minst 10.000 kr å bli ein Trivselsleiar-skule.
- Elevane fekk dele erfaringar dei har gjort seg kring fjernundervisning og heimeskule.

Saker til Samarbeidsutvalet 8. juni

- Godkjenning av eksisterande ordensreglement. Elevane har ingen innspel eller ynskje om endring.
- Ynskje om å nytte BMX-bana i skuletida. Ein må gjere ein risikovurdering med tanke på HMS.

Evt.

Det blei fremja ynskje om å flytte flaggstonga til baksida av skulen slik at elevane kunne sjå flagget betre i skuletida. Rektor forklarte at dette nok ikkje gjekk, men at ho skulle bestille balkongflagg til å henge på veggen.

Linda Selheim

Rektor og referent

E-post: linda.selheim@sund.kommune.no

Telefon: 90241258

